



Anja Broch

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/334 - 15/6380

Saksbehandlar:

Kjartan Medaas

kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:

15.06.2015

Informasjon til søkjarar om midlar til tilrettelegging av stiar

Det kom inn totalt åtte søknader om støtte til tilrettelegging av stiar innan fristen 12. april. Av ulike årsaker har prosessen med tildeling av midlar tatt litt lenger tid enn me hadde håpa. Me vil difor informera dykk om prosessen vidare.

Midlane som skal fordelast er henta frå investeringsbudsjettet til Radøy kommune. Når det gjeld kommunale investeringar er det særlege krav til korleis midlane kan nyttast. Mellom anna må midlane nyttast slik at det kan sjåast på som eitt samla innkjøp. Kommunen må då stå som kjøpar, og må følgja reglar for offentlege innkjøp. Me kan såleis ikkje dela ut tilskot til søkjarar, slik som me normalt gjer når midlar skal fordelast til lag og organisasjonar.

Prisførespurnad til fleire leverandørar av trevarer er sendt ut. Etter at me har vald leverandør, vil arbeidsgruppa fordela midlane blant dei som har søkt. Me håpar dette vil skje innan utgangen av denne månaden. Dei som får tilsegn om støtte, kan henta ut løyvd materiell frå den leverandøren kommunen har vald fram til utgangen av september måned.

Før materiell kan hentast ut, må grunneigarløyve og vedlikehaldsavtale med Radøy kommune vera på plass. Dette skal gjerast på eit skjema de kan få hjå Radøy kommune. De kan ta kontakt med underteikna på tlf. 56 34 90 53 for å få utlevert liste over grunneigarar og avtalar til underteikning.

Med helsing

Kjartan Medaas
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anja Broch

Dale Bygdelag v. Bjørn Tore
vaktskjold

Evy Dame

Gunn Haugland Grindheim

Askelandsvegen 5938
17Grindheimsvegen 5936
127

SÆBØVÅGEN

MANGER

Marøy grendalag

Marås grendalag v. Frode Hervik

Olav John Vetås

Ove Hjelmeland